



ASPLAN VIAK AS

Sendt via e-post til Terje Skaar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1349 - 14/15443

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

10.10.2014

Godkjenning - Igangsettingsløyve for deler av tiltak på gbnr 23/2 - Utviding av kommunalt VA-anlegg på Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 284/2014

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Asplan Viak AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om igangsetting av grøft- og ledningsarbeider, samt etablering av byggegrop for pumpestasjon og oppføring av pumpestasjon. Det vert vist til søknad journalført 10.9.2014, supplert med løyve frå Bergen og Omland Havnevesen (BOH) 3.10.2014. BOH sitt vedtak er dagsett 1.10.2014.

Kommunen har i vedtak av 22.8.2014 gjeve rammeløyve for tiltaket.

VURDERING:

I rammeløyve for tiltaket vart det satt som vilkår at godkjenning frå BOH skulle ligge føre innan ingangsetting. Vilkåret er no stetta.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2, jf rammeløyve.

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningssområde:
Nortrans Veg og Anlegg AS Org.nr 997 476 174 Sentral godkjenning	UTF, grunn- og terrengarbeid, betongarbeid, rørleggerarbeid (tkl 2)
Rør-Dykk AS Org.nr 971 594 252 Lokal godkjenning	UTF, Legging av VA-leidning i sjø (tkl 2)

Asplan Viak AS har ansvarsrett for prosjektering av ovanstående oppgåver, jf rammeløyve.

VEDTAK:

Meland kommune gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf 21-2, 5. ledd igangsettingsløyve som omsøkt, jf søknad journalført 10.9.2014.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Ansvar:

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.'

Bortfall av løyve:

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall:

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Meland kommune

Mottakere:
ASPLAN VIAK AS